



Gina Bernhoft Gørvell spelar rolla som Hedvig i Villanda, som blir direktestrøyma frå Det Norske Teatret. Foto: Pernille Sandberg.

15-01-2021 08:15 CET

Villanda blir strøyma på nytt

Heddaprisvinnaren *Villanda* får to nye strøymedatoar i januar.

VILLANDA

av Henrik Ibsen

DIREKTESTRØYMING 22. JANUAR KL. 20.30

DIREKTESTRØYMING 11. FEBRUAR KL. 20.30

I DI EIGA STOVE

- Med forlenginga av den sosiale nedstenginga i Oslo, er vi glade for å kunne

tilby kulturelle pustehol. Frå neste veke har vi fleire strøymingar i repertoaret vårt, seier teatersjef Erik Ulfsby.

- Strategien under denne perioden har heile tida vore å prøve opp framsyningar etter dei fastlagde planane. Direktestrøyming gir oss høvet til å vere til stades, ikkje berre for publikum som ikkje kan komme til teatret grunna pandemien, men også til eit publikum som bur langt unna, legg teatersjefen til. Han synes det er flott at framsynignane når ut til folk frå lengst i sør til langt mot nord.

Før jul blei *Villanda* vist for 48 skoleklassar, det vil seie at i alt 1252 elevar fekk henne med seg (i samarbeid med DKS Oslo og OBOS billettfond).

- No håpar vi enno fleire som ikkje fekk med seg framsyninga sist, vil få sjansen, seier Ulfsby.

Strøymingane blir vist i sanntid, for å skape noko av den same her-og-no-opplevinga ein får i ein teatersal. Ho er også tilpassa for kamera.

Direktestrøyminga av *Villanda* skjer 22. januar og 11. februar. Før framsyninga vil publikum også få med seg ein samtale mellom dramaturgen for framsyninga og "familien Ekdal".

Les meir om [Villanda på nettsidene](#).

Les meir om [direktestrøyming på Det Norske Teatret](#).

Det Norske Teatret er Noregs største teater for refleksjon, oppleving og underhaldning. Teateret ligg sentralt i hovudstaden i eit moderne teaterbygg frå 1985 med 3 faste scenar, og over 250.000 publikummarar årleg.

Kontaktpersoner



Ida Michaelsen

Pressekontakt

Informasjonssjef

ida@detnorsketeatret.no

414 45 345

41445345



Åsne Dahl Torp

Pressekontakt

Informasjonskonsulent

aasne@detnorsketeatret.no

986 23 573

98623573